

Emne nr. 80

FOLKEMEDISIN**I. Husgeråd – kjerringråd**

I svar på tidlegare emnelister der det er spørsmål frå dette område blir det iblant sagt at kjerringråd og husråd var overtru og at dei derfor ikkje er tekne med i svaret. Men svært mange husråd har opphavet sitt i lækjeråder og metoder i eldre fagmedisin (t.d. bruken av øyreringar og bruk av erter i føtene – ofte kalla funteneller). Den nyaste fagmedisinen har teki opp att gamle husråd, men slik at stoffa blir framstilt på ein annan måte (t.d. urinstoff, tjøre). Fagmedisinen har også funni at emne som vart brukte som husråd, hadde ein viss verknad, men at vi no kjenner stoff som verkar betre. Det er derfor vanskeleg å avgjere kva for husråd som skal kallast overtru. Ofte ligg overtrua berre i det at midlet skulle brukast på ein særskilt måte, t.d. tre torsdagskvelder på rad. Vi ber derfor om at De i svara på denne lista ikkje tek omsyn til om det rådet som det blir spurt etter kan kallas overtru eller ikkje, men at De i samband med kvart spørsmål fortel oss alt De kan hugse om emnet.

1. Kan De seie at innstillinga til sjukdom og synet på det å vere hardfør har skiftet i manns minne?
2. Kva visste folk i eldre tid om smitte, og fanst det råder som ein kunne bruke for å verje seg mot den (t.d. å tygge på einerbær, eller å bere moskus, kamfer eller andre ting på seg)?
3. Hadde folk ferdige medisinar liggande til bruk mot brannsåar, frostskade, influensa, betennelse, feber, sår, kikhoste osv., t.d. urter til te eller log, salve, brennevin med ymse slag ingrediensar i, ymse slag emne lagt på salt osv.? Fortel nøye om kva som var i desse medisinarane og korleis dei var laga.
4. Var det helst på større gardar at dei hadde slike medisinar ståande til bruk om noko skulle hende?
5. Kunne andre få låne slike medisinar der? Kunne folk få låne medisinar hjå presten eller jordmora?

6. Dei medarbeidarane som ikkje har svara på spørsmåla om bruken av kvae og tjøre som medisin (emnesiste 40), må vere gilde å svare denne gongen.
7. Brukte ein ”treak”, kva brukte ein den mot og kva var den laga av?
8. Kjente folk ein medisin som vart kalla ”dyvelsdrekk” eller noko liknande, korleis vart den brukt og kva var det i den?
9. Kven samla inn dei stoffa som ein brukte til eller i medisin (plantar, dyr, mineral)?
10. Korleis og kvar vart slike ting gøynde (i flasker, posar av papir eller tøy, blærer, glas, pottar – i skap, kister og lignende)?
11. Vart nokre av emna kjøpt på apoteket, og kva kalla ein dei der?
12. Vart nokre av emna eller medisinane kjøpt av kramkarane? – Dei medarbeidarane som ikkje har svara på spørsmåla om giktringar, voltakors og såkalla elektriske middel (emneliste nr. 43), må vere gilde å svare her.
13. Hadde folk skrivne oppskrifter for medisinar, eller vart dei overlevert munnleg?
14. Var det nokon som hadde lækjebøker eller andre prenta skrifter, t.d. almanakkar, med lækjeråder i? Kva kalla dei slike bøker, og hugsar folk titlar og forfattarnamn?
15. I ei spørjeliste som denne er det uråd å rekne opp alle dei husråder som er meir og mindre kjende. Men vi vil svært gjerne at De her skal fortelje alt De veit om råder og medisinar som vi ikkje har spurt etter.

II. Bygdelækjarar

Tidlegare i vår sende vi ut ei spørjeliste om ”Dei kloke”, lækjekunnige kvinner og menn kring i bygdene. I lista i dag vil vi konsentrere oss om dei bygdedokterane som ikkje dreiv med magiske lækjeråder, med trolldoms- og svartebokskunster, men som brukte nedervde, praktiske hjelperåder og lærdom dei saug til seg frå dei mange medisinske folkebøker som vart spreidde kring i landet. Dei som dreiv si lækjarversksemd på denne måten var oftast moralsk høgverdige menneske som vart drivne

av trongen til å hjelpe medmenneske i naud. Dersom vi tenkjer på førre hundreåret, merkar vi også ein påverknad frå prestar og andre embetsmenn. Mange prestar er kjende som framifrå lækjarar, og dei lærde gjerne frå seg til interesserte og forstandige folk i kyrkjelyden. Ved sida av denne teoretiske og praktiske lærdom forstod også dei fleste å dra nytte av gammel røynsle, ikkje minst når det galdt lækjande urter.

A. Lækjarane

16. Var det menn eller kvinner som dreiv rasjonell lækjarverksemd?
17. Var dei frå større gardar i bygda og frå gamle kjende ætter?
18. Kunne det somtid vere innflyttarar?
19. Tok dei til med lækjinga i ung alder?
20. Hadde nokon i ætta før drivi med det same eller synt interesse for det?
21. Var det tale om medfødt givnad, og korleis viste slike evner seg hos born?
22. Kunne det være meir personlege grunnar, som sjukdom eller ulykker, som var tildriv?
23. Var det somme som hadde lækjing mest som eit yrke – eller var det berre når det kom folk som trong hjelp?
24. Kan det gjevast opplysningar om kva dei tok eller fekk for det dei gjorde?
25. Hadde dei noko slag samarbeid med dei første distriktslækjarane då desse tok til å kome kring midten av førre hundreåret?
26. Var det nokon som kritiserte bygdelækjarane?
27. Vart dei dregne for retten?
28. Møtte bygdefolk som vitne, og kva stilling tok dei? Om det er mogeleg, vil det vere mykje verdfullt å få årstal, slik at ein kan få plassert dei einskilde bygdedokterane i det rette tidsmiljøet. I det heile gjeld det her å få med flest mogeleg av konkrete opplysningar, men all tradisjon omkring denne side av folkemedisinen har sjølv sagt også sitt store verd.

B. Lækjeråd og lækjekurar

29. Kva slag medisinar (plantar, dyr, mineraler) brukte bygdedokterane?
30. Samla dei emna sjølve?
31. Korleis tok dei vare på dei?
32. Var det nokon som kjøpte urter eller anna på apotek?
33. Kva slag utstyr hadde dei til å blande medisinane?
34. Er det kjent at dei hadde oppskrifter av noko slag å gå etter?
35. Var vatn frå såkalla helsekjelder brukt som medisin, i så fall korleis var vatnet brukt?
36. Hende det at slikt vatn vart gøymt til påkomande tilfelle?
37. Hende det at bygdedokterane gav råd om å nytte brennevin mot sjukdom, og kva slag brennevin var det i tilfelle?
38. Vei De om bygdedoktarar som var særleg kjende for sine råder for gamle sår, utslett (eksem) eller andre skadar?
39. Hadde bygdedokterane teknisk utstyr av noko slag, knivar, tenger og anna?
40. Korleis hadde dei fått tak i dette?
41. Veit De om nokon bygdedokter som har funni opp og laga instrument til spesiell bruk, og kva slag instrument var det?
42. Dreiv dei med årelating og kopping?
43. Kva utstyr hadde dei til det?
44. Kjøpte dei iglar på apoteket?
45. Dreiv dei nokon gong med blodstemning?
46. Finst det opplysningar om at bygdelækjarane hadde spesialisert seg på visse sjukdomar, t.d. augesjukdom, beinbrot, arm eller fot og led, innvortes sjukdom?

47.Korleis hadde bygdedokterane medisiner og instrumenta gøymde?

48.Hadde dei særskilde skrin til medisin og instrument når dei vart henta?

C. Lækjebøker

49.Hadde bygdedokterane bøker med råd for sjukdomar?

50.Var desse bøkene prenta her i landet eller i Danmark?

51.Hadde nokon lært seg til å lese framande språk, og hadde dei lækjebøker på desse språk (tysk, engelsk)?

52.Vart bøkene lånte ut til andre interesserte?

53.Finst desse bøkene no, og kvar? Dette spørsmålet er mykje viktig, og vi er overlag takksame for å få så utførleg svar som mogeleg.